

Kulturmidlar og midlar til kulturprosjekt

Kulturmidlar og midlar til kulturprosjekt er tilskot Skodje kommune etter søknad gir til friville lag og organisasjonar som driv kulturarbeid i kommunen.

Kulturmidlar

Kultur- og haldningsskapande arbeid for barn og unge skal prioriterast. (Driftsmidlar)

Midlar til kulturprosjekt

Kommunestyret gjorde i møte 22.02.11 vedtak om å avvike ordninga med kulturfond, og i staden opprette ei ordning med "Midlar til kulturprosjekt".

Målet er å stimulere til nyttenking og utvikling, slik at endå fleire får eit tilbod som treffer alder og interesse.

Eksempel på kva prosjektmidlane kan brukast til:

- Setje i gang eit nytt tilbod i eit lag. Få hjelp til å dekkje utgifter til kursing, kjøp av utstyr og materiell.
- Gjennomføre eit kulturarrangement som t.d. ein festival.
- Mindre byggjeprojekt som ikkje blir fanga opp av spelemidlane.
- Hjelp til å oppretthalde eit tilbod som møter nye utfordringar.

Søknad

Søknadsskjema og utfyllande statuttar for tildeling av kulturmidlar og midlar til kulturprosjekt på www.skodje.kommune.no.

Søknadsfrist er 1. april (for kulturprosjekt også 1. september).

Kommunale avgifter

Kommunestyret har fastsett nytt gebyrregulativ for 2011.

For vatn og avløp er gebyra utrekna i samsvar med sentrale føresegner. Det tyder at det er eit *abonnementsgebyr* og eit *forbruksgebyr*. Abonnementsgebyret er likt for alle husstandar, og forbruksgebyret kan anten vere avlest med vassmålar eller utrekna etter areal (stipulert forbruk).

Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyr er fastsett for ulike brukarkategoriar:

Brukarkategori	Vatn	Avløp
Næring, offentleg, landbruk	1 477,-	1 923,-
Bustad	1 477,-	1 923,-
Fritidsbustad	1 245,-	1 537,-

Forbruksgebyr etter målt forbruk

Forbruksgebyret vert berekna som forbruk registrert med vassmålar, multiplisert med vasspris.

Avløpsmengd vert rekna lik vassmengda. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

Terminbeløp vert kravd inn etter fjorårets forbruk.

Målar skal avlesast pr. 31.12. kvart år. Avrekning skjer 1. termin året etter.

Forbruksgebyr

Grunnlaget for forbruksgebyret er målt eller stipulert forbruk og følgjande pris:

Vatn: kr 8,97 pr. m³

Avløp: kr 12,00 pr. m³

Dersom det er spørsmål til faktura, ta kontakt med Skodje kommune ved Rigmor Lid eller Magnar Kvalvik.

Forbruksgebyr etter stipulert forbruk

Ved stipulert forbruk vert forbruksgebyret fastsett etter areal i følgjande trinn:

Areal	Stipulert forbruk	Forbruksgebyr	
		Vatn	Avløp
0 - 100 m ²	70 m ³	628,-	841,-
101 - 150 m ²	87,5 m ³	785,-	1 052,-
151 - 200 m ²	122,5 m ³	1 099,-	1 472,-
201 - 300 m ²	175 m ³	1 571,-	2 103,-
301 - 400 m ²	245 m ³	2 198,-	2 944,-
401 - 500 m ²	315 m ³	2 826,-	3 785,-

osv.

Skodje kommunale vassverk

På Storsætra i Engesetdalen har Skodje kommune eit vasshandsamingsanlegg. Anlegget har trykksil for partikkelfjerning, desinfeksjon med UV-stråling, korrosjonskontroll, og pH-justering. Der er òg eit naudkloranlegg.

Totalt vassforbruk i Skodje i 2010 var 635 000 000 liter. Dvs. ca. 20 liter pr. sekund, eller 427 liter pr. innbyggjar pr. døgn.

Renovasjon i påska

Hugs at henting i veke 17 (påske) vert éin dag seinare enn vanleg. Dvs. at tysdagsruta vert køyrt på onsdag, og onsdagsruta vert køyrt på torsdag.

Det same gjeld òg veke 20 (17. mai) og veke 24 (pinse).

I renovasjonskalenderen som er sendt ut tidlegare, står dei rette datoane.

Dagsenter for eldre får nye lokalar

Dagsenteret for eldre ved Skodje omsorgssenter vil i løpet av mars 2011 få nye lokalar i storstova ved omsorgssenteret.

Dagsenteret er ope for alle eldre i kommunen, og er ein populær møtestad.

Opningstida er tysdagar og fredagar kl. 10.00 - 15.00.

Middag og kaffi er å få kjøpe for dei som ynskjer det.

Velkomen til triveleg samver!

SFO for skuleåret 2011/2012

Søknad om plass i skulefritidsordningane i Skodje kommune for elevar ved 1.-4. trinn, vert å sende

Skodje kommune
Servicekontoret
6260 Skodje

Søknadsskjema får ein ved servicekontoret, på skulane eller på www.skodje.kommune.no

Søknadsfrist: 1. april.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 24. juni. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 16. juni.

Endringar i renovasjonen

Frå 10. oktober er det ÅRIM (Ålesundregionens Interkommunale Miljøselkap) som tek hand om avfallet til innbyggjarane i Skodje og elleve andre kommunar.

Det som først og fremst vert nytt er innsamling av kjeldesortert plastemballasje, eit tilbod mange har etterlyst.

- Kvar husstand får utdelt ein rull med plastsekkar.
- Plastsekkane skal setjast ut saman med papiravfallet på hentedag.
- Plastemballasje og papir vert henta av samme bil kvar fjerde veke.
- Plasten vert sendt til gjenvinning.
- Ca. 80% av plasten du sorterer ut vert brukt på nytt.
- Plasten kan bli til rør, posar, klede, pennar etc.
- Forsking syner at gjenvinning av plast er det mest miljøvenlege alternativet.

Kommunale avfallssekkar må brukast før 10. oktober

Abonnentar som har sekk, kan bruke sekkane dei har fram til ÅRIM tek over renovasjonen. Sekkeabonnentar vil få nye ÅRIM-sekkar, men ver merksam på at etter overgangen kan berre dei nye sekkane brukast.

Dersom du har behov for å kjøpe ekstrasekkar, kan du framleis gjere det på servicekontoret i kommunen. Men dagens kommunale sekkar kan altså ikkje brukast frå og med 10. oktober.

Det vil kome meir informasjon om endringane seinare.

Renovasjon i 2010

Det vart innhenta fylgjande mengder avfall i 2010. (Tal i kg)

Type avfall	Mengde i 2010	kg pr. innb.	Mengde i 2009
Hushaldningsavfall	856 510	210,0	822 600
Papp/papir	240 917	59,0	234 630
Glas	22 686	5,6	22 608
Tekstilar	4 310	1,0	4 800
Farleg avfall	26 858	6,6	23 475
EE-avfall	71 620	17,6	79 066
Metall/stål	94 341	23,0	84 556
Treavfall	189 697	46,5	133 376
Isopor	521	0,1	1 339
PCB vindauge	2 231	0,5	4 077
Plast	6 812	1,7	4 871
Diverse	272 363	66,7	294 122
Totalt	1 788 866	438,5	1 709 520

Privat levering, Bingsa	693 120	170,0	653 930
-------------------------	---------	-------	---------

Unngå restskatt og rentetillegg

Frist for innbetaling av tilleggskot for inntektsåret 2010 er **31. mai 2011**. Dette gjeld både for upersonlege skattytarar (aksjeselskap), og personlege skattytarar.

Beløpet kan betalast til Skatteoppkrevjaren i Skodje, bankkonto 6345 06 15295.

Betalinga skal ha eit KID-nummer. Du kan lage KID-nummer på www.skatteetaten.no.

Hugs å velje 2010 som inntektsår, og tilleggskot som skatteart.

"Kommunenyt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no